



No er det tre frisørar att i Uskedalen: Klara, Ann Christin og Camilla Helen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**I rundt rekna halvtanna år har Klara Bakke og Ann Christin Huke vore ålone om å klyppe seg gjennom den stort sett lange ventelista på Zjakk frisørsalong i Uskedalen.**

**Men sidan måndag har dei vore tre att: Camilla Helen Heggøy, også ho fullbefaren frisør, kom til salongen.**

Camilla Helen (21 år i august) er opprinneleg frå Løfallstrand, men ho bur på Sunde saman med Yngve Øvretveit. Ho har tydeligvis ikkje vore i tvil omyrkesvalet, for etter utdanning i teikning, form og farge gjekk ho strake vegen mot fagbrevet.

Det tok ho i mars etter 2 ½ år på Tre Roser i Rosendal. Ho kunne eigentleg ha halde fram der, men tykte reisa frå Sunde vart i lengste laget. Difor spurte ho Klara om jobb, og vart motteke med opne armar.

- Førebels stortrivs eg, her er det eit svært godt arbeidsmiljø og hyggelege kundar, seier Camilla Helen.

- Og kvifor vart du frisør?

- Eg likar å jobba med folk og er interessert i hår og skjønnhet, er det kontante svaret.

Av Ola Matti Mathisen